

MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Torsdag 3. oktober 2024 kl. 19.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Guro
Kaffi og kjeks:	Reidun

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Tilstades: Heine Kaldefoss, Tormod Stautland, Sigrid T. Langøy, Bjarne Petterteig, Guro Betten, Marit M. Romfog, Roald Sangolt, Fridleif Lydersen (sokneprest), Reidun Andersen (sakshandsamar).
Forfall: Ida Elin H. Tvedt, Wenche Midttun.

SAKLISTE

2024/34 - 012.1 Vedtak:	Godkjenning av innkalling og sakliste. Godkjent.
2024/35 - 012.1 Vedtak:	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 10.09.2024 Godkjent.
2024/36- 120 Saksutgreiing:	Høyring nye leigesatsar Stord kyrkjelege fellesråd held på med ein gjennomgang av alle inntektskjelder med tanke på å auka eigne inntekter. Fellesrådet ber soknerådet om å uttala seg om følgjande: A. Utleigepris for lokale amatørkor o.l. frå kr 1 000,- til kr 2 000,- B. Utleigepris for profesjonelle/semiprofesjonelle frå 15% av bruttoinntekter til kr. 2 000,- i botn pluss 20% i billettinntekter. C. Ikkje medlemmer; gravferd, vigsel frå kr 3 300,- til kr 4 000,-.
Vedtak:	Soknerådet godkjenner punkt A og B slik dei står i forslaget. Men ynskjer at punkt C: Ikkje medlemmer gravferd og vigsel vert auka til kr 5 000,-. Soknerådet er enig at fellesrådet vurderer satsane årleg i budsjett-behandlinga.
2024/37 - 212 Saksutgreiing:	Høyringsuttale 100% fast stilling som kyrkjelydspedagog Fellesrådet v/kyrkjevevje har bedt soknerådet om uttale i samband med tilsetting av 100% stilling kyrkjelydspedagog. Det er ein søkjer til stillinga.
Vedtak:	Nysæter sokneråd avventar uttale då ein har nokre spørsmål ein ynskjer svar på, og etterspør kyrkjevevje om dette. AU får fullmakt til å kome med uttale.
2024/38 - 273 Saksutgreiing:	Evaluering etter Medarbeidersamling Me har ein runde og høyrer korleis det var på medarbeidersamlinga 19. september. Er det noko me tenkjer var bra, kunne vore gjort annleis osv. Har me nokon spesielle ynskjer for tema til Medarbeidersamlinga til våren?
Drøftingssak:	Notat frå samtalen: Lang dag, likevel bedre å ha det ein ettermiddag/kveld enn ein lørdag. Trur det bli færre deltakarar om det blir ein lørdag/helg. Ok lagt opp med gruppearbeid og den rulleringa som det vart jobba ut frå. Fekk meir utbytte denne gongen enn i vår. Godt lagt opp med ei god innleiing/informasjon. Positiv stemning, fokuserte på det som fungerer. Kjekkk måte å jobbe på, solid gjennomført. Kanskje slutte ein time tidlegare, eller starte ein time seinare. Starte med pizza 16.30 slik at ein har tid til å gå heimom først, ein halvtime til mat er nok. Soknerådet betalar pizza om det er nødvendig. Bør vere samme tema neste gong, slik at ein kan lande temaet frivillighet. Og at det vert jobba vidare utfrå det som vart notert i samlinga. Tilbakemelding går til kyrkjevevje og leiarforum.

MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

2024/39 - 217

Saksutgreiing:

Frivillighet i kyrkja - drøftingssak

Det kom fram mange gode tankar og idear rundt tema frivillighet på Medarbeidersamlinga. Soknerådet drøftar litt rundt desse tankene om korleis vegen vert vidare mm.

Vedtak:

Viktig med samlingar der det vert skapa trygghet i tenesta ein har. At ein kan få vite kva som vert forventa, kva som kan gjerast annleis, og at det fører til at ein blir glad i oppgåva ein har. Ha møter nokre gongar kun med gruppa/tenesta ein tilhøyrrer. God opplæring og godt felleskap gjer at ein får kjensle av samhörighet. Organisasjonskart over alt frivillig arbeid, både dei som er med i gudstenesta, frivillige i Puls på livet, Etter skuletid, Mat og prat, Sanctus mfl, og kven som har ansvar o.l. Ein frivillig og ein tilsett har ansvar over gruppa i lag. Viktig at kyrkja formaliserer dei frivillige. Kalle det vegleiar istadenfor instruks. Ha ein vegleiar som er tydeleg. Viktig at dette blir til ei handling som kan utførast. Soknerådet ynskjer at Sigrd, Reidun og Anders frå Stord sokneråd, lagar ei konkret sak om dette til neste Medarbeidersamling om dette blir temaet. Denne saka blir fylgt opp på neste møte.

2024/40 – 112

Økonomidrøfting

Uoff jfr. Offentleglova §14

Notat til økonomidrøftinga vart utdelt på møtet.

Vedtak:

Soknerådet vedtok å handsame denne saka u.off, og diskuterte rundt temaet. Det vart ikkje gjort vedtak i saka. Soknerådet ynskjer å takka fellesrådet for informasjonen som vart delt.

Ymse:

1. Soknerådet ynskjer referat frå dei andre utvala som vedlegg til møtene, det har vore fråverande ei stund.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. Ekstra samling for idemyldring. Sidan samlinga for idemyldring 29.08 vart avlyst, må soknerådet finne ny dato for samlinga. Ny dato etter nyttår. AU kjem med forslag til dato på neste møte.
2. Fridleif informerer frå staben: Konfirmantarbeidet er godt i gang. Kyrkjeheg-spalta i Sunnhordland vert kutta, me må finne andre måtar å annonsere gudstenestene på. Heine skriv eit lesarinnlegg til avisa. Flott Taize-gudsteneste med ungdomsprest Runar, sokneprest Fridleif og Sanctus 02.10.
3. LysVaken: Sigrd og Tormod tar tak i arbeidet med dette. Fridleif har ansvar for gudstenesta, Wenche, Reidun lagar frukost, andre er med om det viser seg at det høver for dei.

Skriv, referat og meldingar

1. Referat Stord sokneråd 19.06.2024
2. Referat Stord kyrkjelege fellesråd 20.06.2024
3. Referat Diakoniutvalet 16.09.2024
4. Referat Stord kyrkjelege fellesråd 18.09.2024

Sigrd Theodorsen Langøy
soknerådsleiar
sign.

Reidun Andersen
sakshandsamar
sign.

Neste møte i Nysæter sokneråd:

Tid: 31.10.2024 kl 19.00-21.00

Stad: Nysæter kyrkje

Opning: Marit